



ÅL KOMMUNE



Strategisk næringsplan

for Ål kommune 2025–2028 med
tilhørende retningslinjer for næringstilskot



Ladestasjoner for lastebiler ved Sundbrei transport i Kleivi.
Foto: Sundbrei Transport



FNs berekraftsmål

Kva er Strategisk næringsplan for Ål kommune?

- ▶ Strategisk næringsplan (SNP) skal vere eit styringsverktøy for ein heilskapleg næringspolitikk.
- ▶ Planen skal vere retningsgjevande for prioriteringane kommunen og næringsstyret gjer i planperioden.
- ▶ Planen skal vera eit insentiv for berekraftig utvikling, nyskaping og bruk av ny teknologi.
- ▶ Strategisk næringsplan omfattar også jord- og skogbruk.
- ▶ Ål kommune legg FNs berekraftsmål til grunn ved utvikling av ny strategisk næringsplan. Planen vil bli rullert kvart fjerde år.

Overordna mål

- ▶ Sikre og trygge eksisterande arbeidsplassar i Ål kommune.
- ▶ Bidra til å skape fleire arbeidsplassar i Ål og Hallingdal.
- ▶ Bidra til å rekruttere relevant kompetanse til arbeidsplassar i Ål og Hallingdal.



Hallingdal Flisterminal.

Begge foto: Anders Medhus /
Hallingcast AS





Kommunen ynskjer å stimulere prosjekt og tiltak som har forankring i eit utviklingsorientert og berekraftig næringsliv, og fremje samarbeid mellom offentlege og private aktørar.



Ål kommune som næringsutviklar

Ål vil **legge til rette** for næringsutvikling. Dette vert gjort gjennom rådgjeving, planarbeid, politisk arbeid, god saks- handsaming og gjennom kommunale innkjøp og investeringar.


Ål vil vere ein **samarbeidspart** og ta initiativ til møteplassar mellom fleire aktørar både innan offentlig og privat verksemd. Me vil tilby rådgjeving og rettleiing for næringsaktørar.

Ål vil vere ein **støttespelar** for næringsaktørar, mellom anna ved å

- ▶ Jobbe aktivt med bu- og blilyst
- ▶ tilby økonomiske støtteordningar
- ▶ syne til eksisterande kanalar for rekruttering
- ▶ gje råd og gje innblikk i det offentlege apparatet t.d. offentlege innkjøp



Strendo innreder Myrdal stasjon med resirkulerte trevare fra Bergensbanen.
Foto: Anders Medhus / Hallingcast AS



FOR Å NÅ MÅLA LEGG ME VEKT PÅ:



Profil, omdømme og lokalproduksjon

Ål kommune har fleire merkenamn, arrangement og bedrifter som er med på å gi kommunen ein positiv identitet. Ål kommune vil stimulere til at gode historier knytt til denne identiteten vert brukte til å styrke næringslivet.

Ål kommune har eit mangfald i arbeidsplassar mellom anna innan bygg og anlegg, industri, landbruk, reiseliv, handel, helse, kultur og kreative næringar.

Ål kommune samarbeider med destinasjons-selskapet, næringsliv og frivilligheita om å re-sertifisere Ål som eit berekraftig reisemål og forpliktar oss til å tenkje berekraft i utviklinga av lokalsamfunnet.¹

Tradisjonskultur er ein viktig prioritering for politikanane i Ål, både innafor næringsverksemd og kultursektoren. Stølsdrift og bunader har fått plass på Unesco si verdsarvliste over immateriell kulturarv i 2024. Utmarksbeiting ligg til grunn for matproduksjon i Ål.

Desse kulturarvane og fleire er levande her i Ål, og Ål kommune vil stimulere til at den blir vidareført for framtida.

Kommunen har mange handverkarar innan ulike fagfelt, og det er stadig nye gründerar som satsar. Våre mange kontorfellesskap legg til rette for tilflytting, samskaping, trivsel og nyskaping.

Ål kommune vil stimulere til og delta i initiativ som styrkar Sundre som ein levande møteplass for innbyggjarar og besøkande. Ål kommune vil legge til rette for handels- og næringsutvikling og kultur- og arrangementsopplevingar. Særleg viktig er det å støtte initiativ og profilering av lokale produkt og tenester.

Eit levande sentrum med inkluderande og trygge grøntområde, sosiale soner og god tilrettelegging for syklende og gåande er viktig for å styrke attraktiviteten til Ål som bu- og næringskommune. Styrking av Sundre som eit levande sentrum heile året og heile døgnet vil legge til rette for auka handel og besøk.

¹ Ei berekraftig utvikling tilfredsstiller dagens behov utan å øydelegge for framtidige generasjonar sine moglegheiter. Ei berekraftig forvaltning må baserast på ein balanse mellom sosial og økonomisk utvikling, natur og kulturmiljø.

Gründere løftes

av Ål kommunes næringsfond

En pott med høyere risikokapital, der kommunen velger å heie frem nye ideer. Håpet er å skape merverdi i form av flere arbeidsplasser og mer aktivitet i kommunen i årene som kommer.

Fjellmøbler på Torpo i Ål kommune er en suksesshistorie sett med næringsfondets øyne. – Det næringsfondet har støttet Fjellmøbler med, har vært en god investering for kommunen, mtp hvor mange arbeidsplasser Fjellmøbler har skapt de siste årene, sier Staffan Landsmann-Wiwe, næringsutvikler i Ål kommune.

Fjellmøbler ble startet som enkeltmannsforetak i 2012, basert på en idé Per Egil Vårdal fikk i 2009 etter å ha jobbet som hjelpemann for en møbelsnekker i Canada. Hjemme igjen begynte han å lage møbler til seg selv, deretter rustikke utemøbler som han solgte på Finn.no. I 2013 fikk han etablererstøtte fra næringsfondet og kjøpte verktøy for å satse for fullt. Firmaet ble omgjort til AS i 2014, da ordrene økte, og han ansatte deltidshjelp. Den første fast ansatte kom i 2017, og med en ny møbelsnekker utvidet han sortimentet til håndlagde kjøkken. Fjellmøbler har vokst jevnt, og i dag har de fem ansatte.

Støtten fra Ål kommunes næringsfond, Etablerersenteret og Næringshagen har vært avgjørende for Fjellmøbblers vekst. Med etablererstøtte fikk Vårdal mulighet til å teste og rea-

lisere idéen sin, mens senere tilskudd har gjort det mulig å tilpasse seg markedet og utvikle bedriften raskere.

– Jeg oppfordrer alle med en forretningsidé til å ta kontakt med næringsutvikler, Etablerersenteret eller Næringshagen. De har utrolig mye verdifull hjelp å tilby, sier han.

På litt over ti år har Fjellmøbler vokst fra en idé til en solid bedrift med fem heltidsansatte og en omsetning på 10 millioner kroner i året. Dette er en suksesshistorie Vårdal er stolt av.

Det nyetablerte selskapet Livespec er det siste tilskuddet i Åls gründerlandskap. Med støtte fra næringsfondet og seieren i Start-up Hallingdal, er gründerne Bjarte Laa og Tarjei Jensen Gåsvik i gang med å utvikle en digital plattform som skal forenkle kommunikasjonen i livebransjen. Plattformen skal samle all relevant informasjon om et arrangement på ett sted, for eksempel tekniske spesifikasjoner og artistens raider, slik at misforståelser unngås.

Laa og Gåsvik har til tross for sin unge alder lang erfaring i livebransjen. De mener måten kommunikasjonen løses mellom artist, arrangør og leverandør i dag er gammeldags og tungvint.



LiveSpec: Tarjei Jensen
Gåsvik og Bjarte Laa
Foto: Guro Laa

– Det er lett at viktig informasjon glipper med dagens arbeidsflyt, sier Bjarte Laa. Foreløpig er det kun en ide. Men ambisjonene er globale. Ideen tok form i februar 2024, og duoen jobber nå med behovsanalyser og kravspesifikasjoner til hvordan plattformen skal bygges. Ambisjonen er å starte utviklingsarbeidet i 2025 og lansere en beta-versjon i 2026.

– Vi vet at behovet er stort i Norge, men vi tror også dette kan bli en global løsning, sier Laa.

Staffan Landsmann-Wive, gleder seg over gründeraktiviteten.

– Det er spennende at det er så mye aktivitet i vår kommune. Jeg gleder meg stort over suksesshistoriene, men også pågangsmotet i kommunene. Vi har et utrolig bra gründermiljø her i kommunen, og jeg ser frem til å følge disse bedriftene videre, sier Landsmann-Wive

Støtte fra Ål kommunes Næringsfond

2013: Etablerartilskot	38 500,-
2016: Profiling	25 000,-
2018: Konsept og produktutvikling	150 000,-
2021: Utvikle ny produksjonsserie	125 000,-



Arbeidsplassar

Eit absolutt mål for Ål kommune er at alt næringsutviklingsarbeid skal trygge eksisterande- og/eller skape nye arbeidsplassar.

Ål kommune vil at det skal vere tilgang på den kompetansen bedriftene i kommunen/Hallingdal til ei kvar tid har behov for.

Ein god måte å oppnå dette på, er å satse på lærlingar. Kommunen vil stimulere bedriftene til å tilby lærlingplassar. Ål kommune tek og sjølv ansvar som lærlingbedrift. Ål kommune skal stimulere skulane til å bruke Ungt Entreprenørskap som ein læringsarena for mellom anna å styrke kontakten mellom skule og lokalt næringsliv. Slike satsingsområde svarar ut ynskja til Ungdommens distriktspanel[2021]: «Vi får tilgang til jobbfellesskap, arbeidserfaring og varierte arbeidsplassar».

Demografiutvalet viser at tilrettelegging for eit meir allsidig og breiare arbeidsliv er ein viktig nøkkel til folketalsauke i distrikt som våre. Mange av innflyttarane til Hallingdal kjem frå andre land. Difor vil næringsplanen i Ål og legge vekt på tiltak som styrkar integrering og som inkluderer nye ålingar frå inn- og utland.

I arbeidet med sertifisering som berekraftig reise-mål er Ål kommune ein viktig aktør der eit av tiltaka er å skapa fleire heilårs arbeidsplassar.

Ål kommune vil oppmuntre næringsaktørar til å ta i bruk ny teknologi, til effektivisering og nyskaping, der det er naturleg.



Rekruttering

Ål kommune ynskjer at utflytta hallingar skal oppleva at Hallingdal er ein aktuell plass å etablere seg. Me ynskjer difor å danne eit tettare samarbeid med både ungdomsskulen og vidaregåande skular slik at avgangselevar veit om tilboda som finst i både privat og offentleg sektor i Hallingdal.

Det er dessutan viktig å legge til rette for livsstilsval, som opnar for meir hyttekontor, kontorfellesskap, sommarjobb for ungdom og arbeidsplassar for yngre menneske.


Ål vil ta ei aktiv rolle i å jobbe for fleire desentraliserte utdanningstilbod i Hallingdal, både på fag-skule-, høgskule- og universitetsnivå.

Ein statisk og einsidig bustadmarknad er ein flaskehals og brems i tilflyttings- og rekrutteringsarbeid. Utvikling av meir varierte bustader, fleire utleigebustader, forsøk med prøvebustader og etablering av attraktive bustad- og næringstomter er difor viktige grep framover, for å auke attraktiviteten til kommunen.


GRAFISK FRAMSTILLING AV NÆRINGSLIVET PÅ ÅL (www.regionalanalyse.no)

«Figuren viser lokaliseringkvotientene til de ulike bransjene i næringslivet i Ål i 2023. Bransjer med lokaliseringkvotient over 1 er bransjer som Ål har relativt mye av. Vi kan også se hvilken lokalise-

ringkvotient bransjen hadde i «valgt år» i de grå søylene. På den måten kan vi se hvilke bransjer som har økt eller redusert sin andel i løpet av de siste årene.»



Figur 4.2.4 Lokaliseringkvotienter for ulike bransjer i Ål i fjerde kvartal 2023 sammenliknet med valgt år.



Figur 4.2.4 Lokaliseringkvotienter for ulike bransjer i Ål i fjerde kvartal 2023 sammenliknet med valgt år.

Næringssamarbeid lokalt og regionalt

- ▶ Ål kommune skal jobbe for å gjennomføre felles mål i Regional plan- og Klimaplan for Hallingdal. Det vil si:
 - «Hallingdal har etablert eit tettare og meir formalisert samarbeid rundt det regionale næringsarbeidet
 - Regionen har auke i talet på arbeidsplassar og nyetableringar og større variasjon i bransjar
 - Auka innkjøp av lokale varer og tenester, som følgje av betre og meir tilpassa avtaler og betra innkjøpskompetanse.»
 - «Vi har økonomisk vekst med mindre påvirkning på miljøet og lavere utslipp av klimagasser
 - Hallingdal driv jordbruk med lågare utslepp av klimagassar og som styrker og vidareutviklar matproduksjonen og kulturlandskapet
 - har auka verdiskaping ved å vere pådrivarar for å utvikle grønne næringar og nye grønne klyngjer og hubar, basert på regionale fortrinn»
- ▶ Hallingdal er ein av dei største reiselivs-regionane i landet. Alle kommunane er sertifiserte som «Berekraftig reisemål» og skal jobbe for å vidareføre sertifiseringa.
- ▶ Ål kommune skal jobbe overfor sentrale styresmakter for å sikre best mogelege vilkår for næringslivet.
- ▶ Ål kommune vil og vera ein lokal nettverksbyggjar som kan kople aktørar innan både private og offentlege verksemdar med kvarandre.
- ▶ Lokalt næringsliv og regionale, fylkeskommunale og statlege planverk legg føringar og er premissleverandørar for Strategisk næringsplan (SNP) i Ål kommune.
- ▶ Kommunen vil gje næringsdrivande rettleiing og rask avklaring om naudsynte godkjenningar når dei vil utvikle og/eller starte ny verksemd.
- ▶ Ål kommune sin innkjøpsstrategi skal, innanfor rammene som regelverket gir, leggje til rette for at lokalt næringsliv kan delta. Ål kommune vil rettleie lokalt næringsliv i innkjøpsprosessar.
- ▶ Ål kommunestyre vedtek årleg kor stor del av kraftinntektene som skal nyttast til næringsutvikling. Kommunestyret godkjenner i samband med rullering av Strategisk næringsplan og retningslinjer for næringstilskot.
- ▶ Ål kommune skal ha eit utval som hand-samar tilskot til næringsutvikling, både frå næringsfond og andre fond. Næringsstyret er i perioden 2025-2028 sett saman av tre representantar frå næringslivet i Ål og to politisk valde representantar. Den eine næringsrepresentanten er dagleg leiar frå Ål Utvikling AS.

Viktige samarbeidspartar i næringsutviklingsarbeid for Ål kommune

- ▶ Næringslivet i Ål
- ▶ Lag og organisasjonar i Ål (arrangementsforum)
- ▶ Bondelaget og Bonde- og Småbrukarlaget
- ▶ Ål Utvikling AS
- ▶ Ål og Gol vidaregåande skular
- ▶ Lærlingbedrifter
- ▶ Næringsforum Hallingdal
- ▶ Hallingdal Etablerersenter
- ▶ Hallingdal Næringshage
- ▶ Regionrådet for Hallingdal
- ▶ Buskerud fylkeskommune
- ▶ Innovasjon Norge
- ▶ Universitetet i Sørøst-Norge, USN
- ▶ Utdanningscenteret Geilo, USG
- ▶ Fagskolen i Viken
- ▶ Naturvernforbundet i Buskerud
- ▶ Landbruks- og miljøavdelinga hjå Statsforvaltaren

Næringsstyret (2025-2028) har hatt ansvar for arbeidet med rullering av Strategisk næringsplan:

Desse har delteke i arbeidet:

Solveig Vestenfor (Ap), ordførar og leiar

Ivar Brevik (Sp), kommunestyremedlem

Kirsten Helling, representant frå næringslivet

Morten Gjeldokk, representant frå næringslivet

Ole Kristian Bøen, representant frå næringslivet

Karsten Dideriksen, rådmann

Staffan Landsmann-Wiwe, næringsutviklar

Det har vore gjennomført tre innspelsmøte (Gullhagen, Kleivi og TID Kafé) i tillegg til involvering på fleire frukostmøte med næringslivet. Planen har og vore ute på offentleg høyring. Næringsstyret takkar alle partar som har medverka og kome med innspel undervegs i arbeidet.





Kommuneplan for Ål

Strategisk næringsplan bygger på kommuneplanen for perioden 2015-2027. Pkt. 4.6 i kommuneplanen omhandler næringsutvikling:

«Overordna mål for næringsutviklinga er å utvikle Ål sine fortrinn, styrke eksisterande næringsliv og bidra til at det vert skapt nye arbeidsplassar.»

Ål vil:

- ▶ Stimulere til eit næringsliv som gjev auka verdiskaping, nyskaping og produktivitet.
- ▶ Næringslivet skal produsere og vidareforedle varer og tenester av høg kvalitet.
- ▶ Yte offentlege tenester som næringslivet er nøgd med: rask sakshandsaming, god rådgjeving og informasjon, realistiske krav og forventningar m.m.
- ▶ Stimulere til gründerskap og vidareutvikling av eksisterande bedrifter ved bruk av næringstilskot.
- ▶ Leggje til rette for å styrke utviklingsevna hjå næringsliv, politikarar og administrasjon.
- ▶ Stimulere til at næringslivet kan tileigne seg naudsynt og relevant kompetanse.
- ▶ Ta initiativ til og støtte samarbeid og nettverksbygging mellom næringslivet og det offentlege.
- ▶ Legge til rette for at det til ei kvar tid er ledig og tilrettelagt næringsareal.
- ▶ Stimulere til auka bruk av lokalt næringsliv både frå innbyggjarane, hyttefolk og andre tilreisande.
- ▶ Vera med å vidareutvikle Ål som arrangementskommune.
- ▶ Støtte og vidareutvikle regionale fellestiltak.»

Retningslinjer for næringstilskot 2025–2028

1. Innleiing

1.1 Føremål

For å skape ei positiv næringsutvikling i kommunen, ynskjer Ål kommune å stimulere til prosjekt og tiltak som fremjar eit utviklingsorientert næringsliv og samarbeid mellom offentlege og private aktørar.

Det skal etablerast lønsame arbeidsplassar, og verdiskapinga skal aukast ved at Ål og regionen får ein meir robust og breiare næringsstruktur.

2. Fond og andre løyvingar til næringsformål

2.1 Tilskotsdelen av næringsfondet

Avsetjinga skal vera øymerkt tilskot til næringsutvikling, både investeringar og prosjekt, som styrker eksisterande næring eller gir grunnlag for nye arbeidsplassar i Ål kommune.

Tilskotsdelen kan og nyttast til fellesprosjekt lokalt og regionalt som fremjar utvikling for Ål-samfunnet.

2.2 Jordbruksfondet

Avsetjinga skal vera øymerkt tilskot til landbruksnæringa, og til fellestiltak som har til føremål å fremja landbruket i Ål.

2.3 Arrangementsfondet

Arrangementsfondet i Ål kommune skal nyttast til stimulering og utvikling av nye og eksisterande arrangement.

3. Retningslinjer for bruk av midlar frå tilskotsdelen av næringsfondet og jordbruksfondet

3.1 Søknad

Søknader blir handsama av næringsutviklar og Næringsstyret fortløpande.

3.2 Stønadsvilkår

1. Tiltak/prosjekt som søkjer om finansiering frå næringsfondet, kan ikkje allereie vera starta når søknaden er sendt inn, med mindre anna er avtala med næringsutviklar/rådmann.
2. Det er ein fordel om tiltak/prosjekt er i dialog med Hallingdal Etablerersenter, Hallinggründer (gründerar/hystartatarar) eller Hallingdal Næringshage (etablerte bedrifter).
3. Det blir ikkje gjeve tilskot til investering i lett omsetbare produksjonsmidlar, driftsmidlar eller næringsbygg til utleigeverksemd.
4. Det blir ikkje gjeve lån eller tilskot til sanering av gjeld.
5. Dei tiltak/prosjekt som kan vise til og støtte opp under Klimaplan for Hallingdal og FNs berekraftsmål har ein forrang framfor tiltak/prosjekt som ikkje kan.
6. Ved handsaming av søknadar om tilskot frå næringsfondet, skal ein ta omsyn til om søkeren har søkt om/ fått andre offentlege tilskot til føremålet (til dømes frå Innovasjon Norge). Næringsfondet skal ikkje erstatte annan ekstern finansiering.
7. EØS-reglane må fyljast.
8. Søkjaren skal nytte kommunen sitt søknadsskjema. Ved underskrift på dette bind søkeren seg til å godta føresetnadene for eit eventuelt tilskot.

9. Dersom søkeren gjev feil opplysningar, føresetnadene blir endra, eller bedrifta blir selt/ lagt ned/flytta innan 3 år etter at tilskotet er utbetalt, kan kommunen krevja pengane attende.
10. Midlar løyvde til prosjekt som ikkje er sluttrapportert innan 3 år frå vedtaksdato, blir ført attende til næringsfondet.

3.3 Retningslinjer for nydyrkingstilskot (ein del av Jordbruksfondet)

11. Ål kommune kan løyve tilskot til fulldyrking av jord slik det er definert i forskrift om nydyrking
12. Nydyrkingsplanen må vera godkjent av Ål kommune
13. Minsteareal for å søkje tilskot er 3 daa
14. Nydyrkinga må vera ferdiggodkjent og oppmålt innan 5 år frå den dato planen er godkjent. Det er høve til å søkje utsetjing i særskilde høve.
15. Tilskotet utgjer kr 5 000 pr. daa for dei fyrste 15 daa, og kr 3 000 for overstigande areal, uavhengig av totalkostnad

16. Søknadar blir handsama fortløpande til den løyvde summen er brukt opp.
17. Elles gjeld retningslinene for næringsstøtte
18. Ein kan berre få stønad til eitt område om gangen. Når eitt område er ferdiggodkjent og oppmålt kan ein søke nydyrkingstilskot på nye areal.

3.3 Leiing - delegering - avgjerdsmynde

Rådmannen avgjer søknadar med søknadssum inntil kr 70 000 for tilskotsdelen av næringsfondet og jordbruksfondet, men inntil kr 75 000 for nydyrking.

Næringsstyret avgjer søknadar med søknadssum inntil kr 500 000.

Større søknadar blir avgjort av kommunestyret, etter innstilling frå næringsstyret.

Minimum kr 140 000 (skal øymerkast) til landbruksføremål kvart år.

4. Arrangementsfondet

4.1 Søknad

Søkjaren skal bruke utarbeidd søknadsskjema. Ved underskrift på dette bind søkjaren seg til å godta føresetnadene for eit eventuelt tilskot. Tilleggsopplysningar kan søkjaren kome med i eige vedlegg.

Søknadsfristen for arrangementstilskot er 1. desember året før arrangementet skal bli gjennomført. Fristen er absolutt.

4.2 Kven kan søkje tilskot?

Organisasjonar, institusjonar, personar og bedrifter i Ål kommune kan få tilskot til å utvikle og realisere arrangement.

Det blir ikkje gjeve tilskot til lands- og fylkesorganisasjonar.

Arrangement som primært har som oppgåve å ta vare på medlemene sine yrkes- og/eller økonomiske interesser, og organisasjonar som ikkje er opne for alle, kan ikkje rekne med å få tilskot.

4.3 Stønadsvilkår

- ▶ Tilskot kan løyvast til lokale arrangement.
- ▶ Eksterne arrangørar som samarbeider med lokale kan søke.
- ▶ Arrangmenter må vise til korleis dei bidrar til Arrangmentsbygda Ål. Det kan vore omdømmebygging eller ringvirkningar for lokalbefolkningen eller lokalt næringsliv.

Ål kommune kan gje råd om andre finansieringsordningar/støtteordningar til arrangementa.

Leiing – delegering – avgjerdsmynde

Rådmannen avgjer søknadar med søknadssum inntil kr 70 000.

Større søknadar blir avgjort av næringsstyret. Næringsstyret prøver å tildele heile Arrangementsfondet for det følgande året på sitt fyste møte.

Ål arrangementsforum får kr 30 000 i tilskot under føresetnad av at medlemmene av forumet betaler inn tilsvarende sum og at forumet er aktivt.

Næringsstyret oppmodar alle arrangement til å bli medlem i Arrangementsforum i Ål kommune.

5. Felles retningslinjer

Kommunestyret vedtek kvart år i samband med budsjettarbeidet kor mykje som skal nyttast som tilskot til næringsverksemd.

Næringsstyret består av 2 politikarar og 3 representantar frå næringslivet.

Eit mindretal på 2 kan anke avgjersler i næringsstyret inn for formannskapet.

Næringsutviklaren er sekretær og sakshandsamar i alle tilskotssaker.

Utbetaling av tilskot

- ▶ Prosjektet må gjennomførast i samsvar med søknaden.
- ▶ Fyrste halvpart av tilskotet kan bli utbetalt etter vedtak. Siste halvpart av tilskotet blir utbetalt når prosjektet er fullført og kostnadane dokumenterte. Rådmannen/sakshandsamar tek stilling til kva dokumentasjon som skal godkjennast i kvart tilfelle før siste utbetaling.
- ▶ Løyvd tilskot som ikkje blir nytta innan 3 år blir ført attende til næringsfondet.

Mislegghald

Ål kommune kan krevja at utbetalt tilskot blir betalt attende heilt eller delvis dersom tilskotsprosjektet blir overdrege til andre, flytta, nedlagt eller på annan måte vesentleg endra, slik at det opphæve grunnlaget for tilskot fell bort. Slik attendebetaling kan skje inntil 3 år etter at tilskotet er gitt.

Ubrukte midlar

Næringsstyret avgjer om ubrukte midlar eitt år – på mindre enn kr 500 000 - skal overførast til det etterfølgande året. Kommunestyret avgjer om ubrukte midlar på meir enn kr 500 000 skal overførast eller tilleggast urørleg grunnkapital.



Klage

Det er mogleg å klage på vedtak gjort av rådmannen eller næringsstyret. Klagefristen er 3 veker frå tidspunktet søkjaren mottar meldinga om vedtaket. Søkjaren må fremje klagen skriftleg, vise til vedtaket det blir klaga over og grunngje klagen. Klagen blir fremja for organet som har fatta vedtaket. Dersom vedtaket blir halde ved lag, skal klagen sendast klageorganet (formannskapet) for vidare handsaming.

Ål 04.04.2025

Solveig Vestenfor
Ordførar

Desse retningslinene er vedtekne av Ål kommunestyre i møte 15.05.2025.



ÅL KOMMUNE

Web: www.aal.kommune.no

Adr: Torget 1, 3570 Ål

Tlf: Servicetorget - 32 08 50 00

E-post: postmottak@aal.kommune.no

 www.facebook.com/aalkommune

 [aal.kommune](https://www.instagram.com/aal.kommune)



HALLINGDAL